

**Fra:** Torbjørn Rørvik 27 (torbjorn@rorvik.info)

**Sendt:** 18.08.2019 21:26:31

**Til:** Bente Utne

**Kopi:**

**Emne:** Ad bekymringsmelding FV 569

**Vedlegg:**

**Her er ordlyden i originalmeldinga som vart sendt 06.05.19:**

**Til fylkesordfører, fylkesvaraordfører, Fylkesrådmann, fylkesdirektør for samferdsel og medlemmene i samferdsleutvalet.**

Brukarar av Fv 569 i Vaksdal kommune har det siste året engasjert seg kraftig når det gjeld den særskilte kvaliteten og den urovekkjande trafikktryggleiken langs denne vegen.

Den vedlagte rapporten er ein essens av det som har komme fram på den lukka Facebook-gruppa «5727 Stamnes». Gruppa tel i dag tett oppunder 1000 medlemmer.

Rapporten dokumenterer ved hjelp av nye fotografi tilstanden på vegen i dag når det gjeld manglande vedlikehald, parti med manglande sikring, neglisjering av verneverdien m.m.

Me vonar de tek dykk tid til å gå gjennom rapporten for å danne dykk ei meining om dei ulike problemstillingane. Td. vert det sett fram ein påstandar om at vernestatusen som vegen har, i og med at heile strekninga er listeført på Riksankvaren si verneliste, er med på å hindre naudsynte utbetringar. Dette på si side vil på si side også føre til at verneverdien forvitrar.

Eg tek gjerne imot innspel, og spørsmål omkring denne rapporten. Desse vil bli tekne med vidare til «5727 Stamnes».

Rapporten vil i dag også gå til Statens vegvesen si miljøavdeling og til dei lokale avdelingane som er involverte i planlegging og vedlikehald av fylkesvegane. I tillegg har Riksantikvaren bedt om at rapporten også skal sendast dit.

**Meldinga vart sendt til postmottaket med kopi til:**

Ingrid.Kristine.Holm.Svendsen@hfk.no, Hakon.Rasmussen@hfk.no, fylkesordforar@hfk.no, pal.karbo@hfk.no, atle.kvale@hfk.no, rasmus.laupsa.rasmussen@gmail.com, per.leroy@austrheim.kommune.no, kari.aakre@osteroy.kommune.no, sh@linkarkitektur.no, iriscjoh@online.no, stein@ryssdal.net, bausen@online.no, rene.klepsvik@austevoll.kommune.no, astrid.aarhus.byrknes@lindas.kommune.no, jon.askeland@radoy.kommune.no, metteheidi@hotmail.com, mchammer@online.no, natalia.golis@mdg.no, Angeltveit88@gmail.com

**Nokre spørsmål:**

Når, og i kva fora vert denne orienteringa gjennomført?

Er det råd å vera til stades og høyre på?

Er det på nokon måte råd for oss å bidra aktivt under orienteringa?

**Nokre kommentarar til ditt svar på bekymringsmeldinga frå 02.07.19:**

Du skriv: “Ut over postane til programområde er det per no ikkje rom for større oppgraderingar som ikkje er prioriterte her (investeringsprogrammet)”.

Vi forventar sjølvstøtt at der vegeigar vert gjort merksam på “grove” manglar med tanke på tryggleik, så vil utbetring av desse bli prioritert opp i forhold til det som går på kosmetikk og komfort på andre fylkesvegar. På FV 569 vil det på eitt eller anna tidspunkt oppstå ei eller fleire alvorlege ulukkjer der manglande sikring er med på å auke omfanget av ulukka. Det er ein situasjon som korkje vegeigar, brukar eller pårørande kan akseptere.

Når det gjeld det du skriv om vernestatus, så har både Riksantikvaren og Vegesenet si miljøavdeling allereie understreka at trafikktryggleik trumfar vern. Vegvesenet si miljøavdeling hevdar til og med at dei har godkjent fleire søknader om dispensasjon frå vernet, der arbeidet likevel ikkje er gjennomført på grunn av manglande løyvingar til

arbeidet. Vi hevdar såleis at å lata vera å utføre sikringstiltak på grunn av usikkerhet kring vernestatusen i beste fall er ei dårleg unnskyldning!

Ha ein god dag!

Torbjørn Rørvik

Einevegen 8

6854 Kaupanger

Mob: 412 44 999